



Meland kommune

Fellesråd Eldreråd/RMF, *her*

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1160 - 14/3596

Saksbehandlar:

Hans Kristian Dolmen

hans.kristian.dolmen@meland.kommune.no

Dato:

19.03.2014

Melding om vedtak - Reguleringsplan Elvaåsen - Godkjenning av plan

Meland kommunestyre har i sak 063/13 den 25.09.2013, gjort vedtak om godkjenning av reguleringsplan Elvaåsen med tilhørende føresegner, jf plan- og bygningslova § 12-12. Dei godkjende plandokumenta planskildring, plankart og føresegner samt utskrift av møtebok frå kommunestyret er tilgjengeleg slik:

- **Velg «Kunngjering/Høyringar/Offentleg ettersyn» på startsia** til www.meland.kommune.no
 - a. Velg vidare KUNNGJERING eller HØYRINGAR OG OFFENTLEG ETTERSYN
- **Innsyn i arkiv** på heimesia til Meland kommune
 - b. Under START velg INNSYN/POSTLISTE
 - c. Under INNSYN/POSTLISTE velg SAKER
 - d. I SAKSNUMMER skriv inn arkivID – 11/1397 eller 14/1160
 - e. Bla ned og velg DETALJER
- **I planarkivet** <http://www.geoweb.no/braplan/> eller link på heimesia (BRAPLAN)
 - f. Under EIER velg Meland kommune
 - g. Under PLANNAVN skriv Elvaåsen og velg SØK
 - h. Velg i søkeresultat og få opp plandokumenta

Verknad av reguleringsplan

Godkjend reguleringsplan er, etter plan- og bygningslova (pbl) § 12-4, straks bindande for alt arbeid, alle nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak innafor planområdet, jf pbl § 1-6. Tiltak etter § 1-6, 1. ledd, herunder bruksendring etter § 31-2, jf også § 1-6, 2. ledd, må ikkje være i strid med planens arealføremål eller føresegner. Planen er styrande for avgjerd av søknad om tillatelse eller forståing av tiltak etter § 20-1, 1. ledd, bokst. a) til m), jf §§ 20-2 og 20-3.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Krav om erstatning i medhald av pbl § 15-3 og krav om innløyising etter § 15-2, må vere framsett seinast 3 år etter at reguleringsplanen er utlyst.

Godkjenninga av reguleringsplanen kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jf pbl §§ 12-12 og 1-9. Klagefristen er 30 dagar etter at dette brev er motteke. Klagen skal stilast til Fylkesmannen, men skal sendast til Meland kommune

Med helsing

Hans Kristian Dolmen
arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.